

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 136/2019

av 8. mai 2019

om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 86 og 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Samarbeidet mellom avtalepartane til EØS-avtala bør utvidast til å gjelde europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2018/1475 av 2. oktober 2018 om fastsetjing av den rettslege ramma for det europeiske solidaritetskorpsset og om endring av forordning (EU) nr. 1288/2013, forordning (EU) nr. 1293/2013 og avgjerd nr. 1313/2013/EU⁽¹⁾.
- 2) Protokoll 31 til EØS-avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg fra 1. januar 2019.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I protokoll 31 til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 4 nr. 2n vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32018 R 1475**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2018/1475 av 2. oktober 2018 (EUT L 250 av 4.10.2018, s. 1).”

2. I artikkel 4, etter nr. 2n, skal nytt nr. 2o lyde:

”2o. EFTA-statene skal, med virkning fra 1. januar 2019, delta i følgende program:

- **32018 R 1475**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2018/1475 av 2. oktober 2018 om fastsetjing av den rettslege ramma for det europeiske solidaritetskorpsset og om endring av forordning (EU) nr. 1288/2013, forordning (EU) nr. 1293/2013 og avgjerd nr. 1313/2013/EU (EUT L 250 av 4.10.2018, s. 1).

⁽¹⁾ TEU L 250 av 4.10.2018, s. 1.

Liechtenstein og Norge skal være unntatt fra å delta i og bidra finansielt til programmet.”

3. Teksta i artikkel 4 nr. 3 skal lyde:

”EFTA-statene skal bidra finansielt til programmene og tiltakene omhandlet i nr. 1, 2, 2a, 2b, 2c, 2d, 2e, 2f, 2g, 2h, 2i, 2j, 2k, 2l, 2m, 2n og 2o, i samsvar med avtalens artikkel 82 nr. 1 bokstav a).”

4. I artikkel 10 nr. 8 bokstav d) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32018 R 1475**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2018/1475 av 2. oktober 2018 (EUT L 250 av 4.10.2018, s. 1).”

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala(*).

Den skal nyttast fra 1. januar 2019.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 8. mai 2019.

For EØS-komiteen

Claude Maerten

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.